
Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport

Felles takst og sonestruktur for buss og bybane i Vestland fylke

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport vil i dette notatet gje ei orientering om arbeidet og status med å utgreie felles takst og sonestruktur for buss og bybane i Vestland fylke.

Samandrag

Evaluering av sonereforma for buss og bybanen i tidlegare Hordaland vart lagt fram for fylkesutvalet 28.05.2020 (PS 103/2020). Ein konkluderte med at endringane hadde vore positive både for Skyss, kundar, tilsette og underleverandørar. I saka blei det og gjeve eit klart mandat for å utgreie ein felles takst og sonestruktur for buss for hele Vestland fylke.

Ein heilskapleg struktur vil byggja på prinsippa som gjeld for gamle Hordaland, mellom anna at ein kan reisa fritt i innanfor ei sone i den tida billetten gjeld, at det vert gjort eit påslag per sonepassering samt at ein deler fylket inn i store geografiske soner. Sonegrensene bør følgja fjord og fjell der det er råd, og helst trekkjast i områder der det bur lite folk.

Der er nå gjennomført analyser av tre moglege modellar basert på mandatet og fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport legg med dette fram ei orientering av kvar saka står, kva modell som synest best å møta mandatet for utgreiinga, økonomiske og andre konsekvensar samt oversikt over problemstillingar som treng å utgriast meir før endeleg handsaming av saka.

Fylkesrådmannen legg etter planen fram politisk sak i hovudutval for samferdsel og mobilitet 27.04.2021 og fylkesutvalet 11.05.2021.

Notat

Dagens situasjon

Per i dag er det to ulike takststrukturar for buss i Vestland.




Fig. 1. Dagens sonestruktur tidlegare Hordaland

I kontraktsområda til gamle Hordaland har ein sonemodellen, innført 1.august 2018, med sju store soner (Fig. 1 - Dagens sonestruktur tidlegare Hordaland)

I kontraktsområda til gamle Sogn og Fjordane er det ein kilometerbasert prising, der takstane er delt inn i avstandsggrupper på 3 kilometer under 100 kilometer reise og 6 kilometer soner etter 100 kilometer. Ein billett gjeld her for ei spesifikk reise mellom to haldeplassar, og gjeld ikkje tur/retur. Unntaket er bybussane i Førde og Florø, her gjeld det eigne prisar, og billetten er gyldig i ein time, og ein kan bytte til andre bybussar i løpet av tida billetten er gyldig.

Mandat for utgreiinga

I samband med «Evaluering av sonereforma og vegen vidare» (PS 103/2020) stilte fylkesutvalet seg bak prinsippa og metodikk for utgreiing av felles takst- og sonestruktur for buss og bybane for heile Vestland fylke.

Ein heilskapleg struktur vil byggja på prinsippa som gjeld for gamle Hordaland, mellom anna at ein kan reisa fritt innanfor ei sone i den tida billetten gjeld, at det vert påslag per sonepassering samt at ein deler fylket inn i store geografiske soner.

Når det gjeld soner, har ein i området som Hordaland utgjorde, hatt som prinsipp at ein ikkje ønskjer å dela kommunar mellom soner (det finns nokre unntak) av omsyn til mellom anna skuleskyss, at grensene skal følgja fjord og fjell der det er råd, og at grensene elles helst skal trekkjast i områder der det bur lite folk.

Administrasjonen vil og vurdere i samband med utvidinga


- nærmare på problematikken knytt til Sone F og om sonegrensene her bør endrast
- nærmare på kor lenge billettar skal vere gyldig og pris pr sonehopp
- vidareføre ein modell som tek inn over seg kvar dei store bustads- og arbeidsmarknadane er, og kvar dei store reisestraumane går
- modellen lyt ta omsyn både til enkeltreisande, men òg til skuleskyss, kommunegrenser og overordna mål om fleire kollektivreisande

Beskriving av dei ulike modellane som er vurdert for buss og bybane i Vestland:

Sonemodell A (sjå kart - 7 nye soner)

7 nye soner og utviding av eksisterande sone G.

- Stad og nordleg del av Kinn kommune (tidl. Vågsøy)
- Bremanger og sørleg del av Kinn kommune (tidl. Flora)
- Gloppen og Stryn
- Sunnfjord
- Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Høyanger nordside av Sognefjorden
- Luster, Sogndal og Vik
- Årdal, Lærdal og Aurland
- Solund, Gulen, Høyanger sørsiden av Sognefjorden og Masfjorden (utviding av sone G)




Sonemodell A
for Sogn og Fjordane

Sonemodell B (sjå kart - 3 nye Soner)

Denne modellen legg opp til fire store soner; tre nye og utviding av ei eksisterande (sone G).

- Stad, nordleg del av Kinn, Gloppen og Stryn
- Sunnfjord, Fjaler, Askvoll, sørleg del av Kinn, Bremanger
- Aurland, Lærdal, Årdal, Vik, Sogndal og Luster
- Solund, Gulen, Hyllestad, Høyanger og Masfjorden (utviding av sone G)




Sonemodell B
for Sogn og Fjordane

Sonemodell C

10 nye soner og utviding av ei eksisterande sone.

- Stad og nordlege del av Kinn
- Gloppen
- Stryn
- Bremanger og sørleg del av Kinn
- Sunnfjord
- Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Høyanger nordside
- Luster
- Sogndal
- Vik
- Årdal, Lærdal og Aurland
- Solund, Gulen, Høyanger sørsiden og Masfjorden (utviding av sone G)



Administrasjonen si vurdering

Administrasjonen si vurdering er at modell A gjev ein mest heilskapleg sonemodell for buss i heile Vestland fylke.

- Tal soner og storleik på soner i tidlegare Sogn og Fjordane blir her omlag som sonekartet i tidlegare Hordaland (sjå kart for heile fylket - mogeleg sonekart Vestland fylke)
- Sonegrenser følgjer kommunegrenser, med unntak av for Kinn og Høyanger kommunar, og kvar sone består av ein eller fleire kommunar.
- Sonegrensene i modell A har naturlege skilje, enten pga. ein lengre tunnel (f.eks. mellom sone Sunnfjord og sone Kinn/Bremanger eller Sunnfjord - Sogndal/Luster/Vik), lite/inga busetnad ved sonegrensa eller fjord/fjell.
- Det er ikkje identifisert områder der kundar får svært høg prisauke på grunn av ei kort reise ved passering av sonegrenser.

Kinn og Høyanger kommunar er delt mellom to soner i sonemodell A og C. Dette skuldast omsyn til kvar reisestraummane med buss går. Kinn kommune ligg på to sider av Bremanger kommune, og er i tillegg skilt av Nordfjorden. Reiseaktivitet mellom tidlegare Flora(sør) og Vågsøy(nord) er i all hovudsak med båt. Den nordlege delen er derfor plassert i lag med Stad kommune, medan den sørlege er slått i hop med Bremanger. Den delen av Høyanger kommune som ligg på nordsida av Sognefjorden er lagt inn i sone med Askvoll, Fjaler og Hyllestad, medan den delen av kommunen som ligg på sørsida av Sognefjorden er plassert i same sone som Masfjorden, Gulen og Solund.

Dersom reisa medfører bussbyte, kan det vere ei utfordring dersom reisetid er så lang at gyldigheitsperioden på billetten er utgått før bussbyte. Det er ikkje truleg at sonemodell A og C vil gje store utfordringar knytt til dette. For sonemodell B, med store soner, kan dette bli ei større utfordring.

Alle tre sonemodellane vil opplevast som enkle for dei fleste reisande.

Sonemodell C har nokre soner der det er lite reiseaktivitet utanom skuleskyss. Det er derfor lite å hente økonomisk på ei slik oppsplitting.

Harmonisering av takstar

Harmonisering av billettar og reglar knytt til dei ulike bilettane vil fylgje Skyss sine reglar. For Kringom sine kundar blir dei største endringane som følger:

- Prinsipp for pris for billett: Overgang frå kilometer prising til pris pr sone.
- Gyldigheit: I dag for strekning billett er kjøpt. Billett vil etter omlegginga vere gyldig i ein definert periode, i dag 90 minutt og kunde kan reise fritt kor han vil i denne tida i sona. Dersom kunde kjøper ein billett over fleire soner aukar gyldigkeit med 30 minutt for kvar ekstra sone han reiser.
- Alder: Aldersgrense born aukar frå 4-16 år til 6-18 år (under 6 år gratis) og ungdomskort frå 19 til og med 20 år (dette blei innført frå 15.01.2021).
- Honnør: I tillegg til vanleg billett med 50% rabatt, kan ein no òg kjøpe honnør periodebillettar med 50% rabatt.
- Slutt på eigne prisar for bybuss: Som følge av felles takst og sonestruktur for buss og bybane for heile Vestland fylke vil ein ikkje lenger ha eigne prisar for spesielle geografiske områder. Prisane for bybuss i Florø og Førde vil etter omlegginga ha same minstepris som resten av fylket (sjå under).
- Slutt for Verdikort: I tilknyting til omlegging i Hordaland blei verdikort/reisepengar tatt bort. Periodekort er blitt tilsvarende mykje billigare (få reiser før det løner seg å kjøpa periodekort) og tener derfor som eit godt alternativ for dei som reiser ofte.

Endringar i pris på billett er teke omsyn til i analysane under. Effekt av endra aldersgrenser vil kunne redusere inntektene noko, medan bortfall av verdikort vil kunne auke inntektene noko. Vi venter derfor ikkje større økonomiske fylgjer av harmonisering av billettar og reglar knytt til desse.

Kundane i tidlegare Sogn og Fjordane vil i tillegg få tilgang til nokre nye billettar som 24 timer og 7-dagarsbillettar som vil kunne gje oss fleire kundar.

Økonomiske konsekvensar av omlegging til sonestruktur

Grunnlag for analysane

I dei økonomiske analysane er dei tre sonemodellane vurdert opp mot reisemønster og billettinntekter i 2019, sidan 2020 er eit «annleis år» med stor nedgang i reiseaktiviteten.

Det er teke utgangspunkt i talet på reisande og prisar i 2019. Dette er jamført med same tal på reiser, men med type Skyss billettar og prisar for 2021.

Skuleskyss

Kommunar får rekning for alle elevar på barne- og ungdomsskule som har rett til fri reise. Pris i dag er rekna ut frå kor mange kilometer det er mellom heim og skule. Denne blir erstatta med pris sone.

For kundar

Innføring av nye billettar og takstar vil gje prisauke for reisande som betalar minstetakst og reisande som betalar bybusstakst i Førde og Florø. Minstetakst i Sogn og Fjordane er pr. 15.01.21 34 kr. I Hordaland er pris for 1 sone 39 kr. Dette svarar til ein auke i pris på 14,7%. Dei som reiser 6 km eller lenger vil ha lik eller lågare pris etter overgang til sonetakst. Dersom Modell A vert innført vil 28% av kundane få høgare prisar medan 72% vil få lågare prisar. Jo lenger reisa er jo større vert nedgangen i pris.

Nedgang i inntekter for Skyss

Sjølv om ein del av dei reisande vil få lik eller høgare billettpriis etter omlegging, viser analysane at sonetakst vil gje forholdsvis høg nedgang i billettinntekter samla sett. Dette skuldast at det kilometerbaserte takstsystemet i Sogn og Fjordane gjev ein bratt auke i billettpriis ved lengre distansar.

I tabellen under viser vi berekna nedgang i inntekter jamført med inntekter med same tal på reisande som vi hadde i 2019. Skyss har budsjettet med ei auke i inntektene omlag på nivå med inflasjon for både 2020 og 2021. Nedgangen av inntekter i høve til budsjett er difor noko høgare enn det som kjem fram av tabellen.

Modell	Nedgang inntekter eks skuleskyss (mill. kroner)	Nedgang skuleskyss (mill kroner)	Total nedgang (mill kroner)	Prosent målt mot 2019 inntekter (80 mill kroner)
A - 7 soner	7,7	2,3	10	Minus 12,5%
B - 3 soner	9,3	2,3	11,6	Minus 14,5%
C - 10 soner	7,0	2,3	9,3	Minus 11,6%

Det er berekna ein nedgang i inntekter for skuleskyss grunnskule på 2,3 MNOK. Økonomisk effekt for skuleskyssinntekter vil vere lik for alle tre sonemodellane. For dei to kommunane som er delt i to i sonemodell A og C, er det ikkje grunnskulelevar som reiser over sonegrensene.

Inndeckning av mogeleg inntektstap

Inndeckning av tapte inntekter kan skje gjennom

- fleire reiser med eksisterande tilbod som gir høgare inntekter
- gjennom høgare prisar på billetter eller endra vilkår knytt til billettar
- at kostnader reduserast enten ved å kutte i administrative og eller andre driftskostnader
- redusert tilbod
- auka tilskot

Korleis finansiere reforma vert ein del kommande politisk sak om felles takst og sonestruktur for buss og bybane i Vestland.

Andre problemstillingar som er under utgreiing

- Tilbod via ekspressbussar i fylket
 - Skyss har starta ein prosess med tilbydarar av ekspressbuss-ruter om mogelege modellar for samarbeid. Resultat eller status av denne prosessen blir nærmare utgreidd i endeleg sak.
- Endring av Sone F
 - Sone F består i dag av kommunane Samnanger, Kvam og Vaksdal kommunar. I endeleg sak vil Skyss leggja fram sine faglege råd om sonegrensene bør endrast.
- Gjennomføring av reforma
 - I endeleg sak vil Skyss leggja fram forslag til når reforma bør innførast samt ein grov plan for gjennomføring